

Samfunnsplan for Gulen kommune 2022- 2034

Publisering etter første handsaming
kommunestyret

Utlekking til høyring og offentleg
ettersyn, 1/9-22

1 Introduksjon til samfunnsplan

Ein kommune sin samfunnsplan gjev eit heilskapleg biletet av kva samfunnet vårt er og kva me ynskjer det skal bli. Gjennom satsingar i samfunnsplan, økonomiplan og handlingsplanar løftar vi lokalsamfunnet i ynskt retning. Den utviklinga må alle gode krefter i kommunen stå saman om.

Gulen kommune sin visjon er Historisk og Framtidsretta. Ved å ivareta det historiske vil vi betre forstå kvifor vi er der vi er i dag og korleis vi best skal nærme oss framtida. Samfunnsplanen skal spele på lag med den generelle samfunnsutviklinga og ta inn over seg endringar i til dømes infrastruktur og demografiutvikling. Vi støttar det nyskapande og framstår som eit innovativt samfunn.

Samfunnsplanen sett fokus på korleis vi skal arbeide for å løyse oppgåver og utvikle kommunen med tanke på å gje innbyggerane best moglege tenester, og samstundes sette minst mogleg fotavtrykk for dei generasjonar som kjem etter oss. FN sine 17 berekraftsmål er innarbeidd i planen og på den måten tek vi ansvar for å følgje dei 169 delmål som ligg under FN sine hovudmål.

I planarbeidet har vi trukke dei lange linjene. Samfunnsplanen er delt opp i 7 satsingar. Satsingane er vidare konkretisert og systematisert i mål og strategiar for å nå dei ulike måla.

Planen har utvalde hovudmål som er sektor- og alders-uavhengig. Dette er mål som gjeld alle oss som innbyggerar i Gulen kommune. Vidare vil dei ulike satsingane har eigne hovudmål. Her vil måla fokusere på den enkelte målgruppa som satsinga omhandlar.

Gjennomgåande for måla i samfunnsplanen er at vi alle er innbygger og samfunnsaktør. Aktive innbyggerar, god livskvalitet, berekraftig økonomi og god organisering av samhandlinga er viktige stikkord.

1.1 Forord frå ordføraren

Kommunen sin samfunnsplan er eit viktig dokument som skal vise retning for kommunen dei komande åra. Stor takk til alle som har bidratt, anten det er på dialogmøte, gjennom svar på spørjeundersøkingar, som tilsett i kommunen, i høyringsinnspel eller gjennom debatt i våre politiske parti.

Gulen kommune har eit rikt samfunn, godt med areal, variert næringsliv og full sysselsetting. Vi har gode samarbeidspartar, nærleik til byområder og initiativrike og engasjerte innbyggjarar. Som kommune må vi spele på dei naturgitte fortrinn. Vi er godt plassert mitt i Vestland fylke og med god plass til eksisterande og nye Gulingar og fritids-Gulingar. Vårt næringsliv er strategisk plassert i høve viktige næringar.

(Vert slutført av ordføraren etter høyringa)

1.2 Innleiing

Kommunen har 4 viktige roller i sitt samfunnsoppdrag. Vere myndigheitsutøver, tenesteleverandør, samfunnsutviklar samt sikre ein demokratisk arena. Kommunen sine oppgåver er i stor grad lovpålagte og det er mange omsyn som må finne sin balanse for at vi kan utføre samfunnsoppdraget på ein god

måte. Det er difor viktig at kommunen i sine prioriteringar har ei strategisk tilnærming til korleis vi vil at samfunnet vårt skal utvikle seg.

Kommunen sin samfunnsplan viser eit høg ambisjonsnivå og føreset effektive prosessar. Vi arbeider ikkje berre utifrå korleis situasjonen er i dag, men legg også tilrette for gode bu- og levevilkår i framtida. Berekraftselementet og høg kvalitet på tenestene er sentralt og gjennomgåande i våre handlingsplanar.

Kunnskapsgrunnlaget vårt viser at Gulen møter utfordringar som til dømes miljø-/klimaendringar og demografiske endringar med fleire eldre og færre born. Gjennom god økonomiske planlegging og prioritering må vi difor sikre at kommunen får ei berekraftig utvikling med rett kostnadsnivå på dei einskilde tenestene. For tenestetilbodet vil det kunne bety at sjølv om alle innbyggjarane skal ha tilgang på kvalitetsmessig gode tenester vil det likevel ikkje vere sikkert at det alltid vil vere tilgang på same tenester i alle bygdesenter. Det er ei føresetnad at forventningar frå innbyggjarane står i forhold til kommunen sine økonomiske rammer og gjennom god informasjon og god involvering i planarbeid vil vi kunne sikre det. Samfunnsplanen vil vise retning gjennom prioriteringar i handlings- og økonomiplanarbeidet.

Ein kommune kan ikkje utvikle eit samfunn åleine. Alle aktørar i eit samfunn er viktig for samfunnsutviklinga. Utvikling skjer gjennom Samskaping: «*I samskaping bringes kunnskap, ressurser og erfaringer sammen ... Løsninger utvikles sammen med involverte innbyggere i stedet for til dem (frå KS si handbok i samskaping).* Gjennom gode og effektive samarbeidsprosessar jobbar då kommunal fagkompetanse, politikarar, næringsliv og innbyggjarane saman om korleis eit behov eller ei utfordring skal løysast.

Kommunen samarbeider med andre kommunar for i framtida å stå sterkare rusta til å handtere lovpålagte oppgåver. Mangel på arbeidskraft er døme på utfordringar som kommunane har betre føresetnadar for å unngå om vi har felles initiativ for å ta vare på innbyggjarane i vår bu- og arbeidsregion.

Gode møteplassar skapar innovative og inkluderande samfunn og vil motverke utanforskap. For mange vil jobb, skule, kyrkje og organiserte fritidsaktivitetar vere viktige møteplasser. For andre vil uformelle møteplassar som butikken og treningssenteret vere viktigaste sosiale arenaer. Ved å vidareutvikle bygdesentra våre vil vi leggje til rette for at innbyggjarar i alle aldersgrupper skal ha gode sosiale arenaer.

Vi ynskjer at Gulen kommune skal vere kjent som eit attraktivt og inkluderande samfunn med spennande jobbmoglegheiter. Både kommune og privat næringsliv har stort behov for arbeidskraft. Med gode kompetansmiljø oppnår vi at fleire vel å søkje mot Gulen, både dei som har og dei som ikkje har eit nettverk i kommunen frå før.

Det har vore lagt opp til brei medverknad i arbeidet med ny samfunnsplan i kommunen. Det har vore mogleg for innbyggjarane å fylgje prosessen via heimesida til kommunen. Formannskapet har vore styringsgruppe og soleis bidratt politisk i arbeidet. Einingsleiarane har vore involvert via leiarmøta då det er desse som skal fylgje opp tenestetilboda i kommunen vår.

Samfunnsplanarbeidet starta med ein kick-off i mars 2021 der representantar frå styringsgruppa, fagdirektørane, einingsleiarar og tillitsvalte deltok. Målet var å engasjere og skape gode ambassadørar for arbeidet. Vidare vart det halde folkemøter (leve heile livet) i alle bygdene, politikardag, arrangert nærings- og innbyggjarundersøking med meir.

Prosjektleiargruppa har opplevd engasjement og optimisme; ei tru på at vi saman kan skape ei god framtid i Gulen - både for eksisterande innbyggjarar og nytilflytta.

Du kan lese meir om medverknad her ([hyperkoping](#)).

2 Arealstrategi

Arealstrategien er bindeleddet mellom kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel og viser korleis arealforvaltninga skal bidra til å nå måla i kommuneplanen sin samfunnsdel. Arealstrategien har hovudmål og gjev retningslinjer for langsiktige prioriteringar for arealbruken.

Landskapet i Gulen er vakkert og variert, og spenner seg frå høge fjell og fjordar i aust til øyer, holmar og skjer i vest. Dei som bur i, og besøker Gulen har difor god tilgang på urørt natur, både på fjellet og ved kysten. Arealforvaltninga i Gulen kommune skal vere berekraftig; den skal leggje til rette for å møte dagens behov utan å redusere moglegheitene for komande generasjonar.

Arealplanlegging er ferskvare, og noko som må jobbast med kontinuerleg. I Nasjonale forventningar til planlegging (2019) er det ei tydeleg forventning om fortetting og gjenbruk før me tek i bruk ubygde areal. Arealforvaltninga i Gulen kommune tek utgangspunkt i desse omsyna når me legg til rette for utvikling, vekst og trivsel i kommunen vår.

Naturvern, strandsone og klima

Naturvern er viktig for å sikre økosystem og for å redusere klima- og miljøpåverknaden. Samtidig er naturen vår ei viktig kjelde til rekreasjon, god folkehelse og attraktivitet. Gulen kommune skal halde fram med å ha ein god balanse mellom bruk og vern. Det betyr at me må hindre unødig nedbygging av naturlege ressursar og viktige økosystem, dyrka/dyrkbar jord, myr og samanhengande naturområde (utmarksbeite, fjellområde og friluftsområde). Me må ta omsyn til trua førekomstar/artar og til venta endringar i klimaet. Gulen kommune er imot at det skal byggjast vindmøller i fjella våre.

Viktige område for naturmangfald må identifiserast og takast vare på, og viktige område for landskap, kulturmiljø og friluftsområde skal sikrast ved bruk av omsynssoner i kartet.

Strandsona er opphav til store deler av kulturen, historia og livsgrunnlaget i kommunen og er ein av styrkane våre. Strandsona sine verdiar skal takast vare på. Det må skiljast mellom nyutbygging av urørte område, utvikling, tilpassing og oppgradering av eksisterande busetnad. I Gulen som er ein kystkommune må det nyttast skjønn og til dømes vere moglegheit for bustadbygging i strandsona. Byggeområde må plasserast slik at dei toler konsekvensane av framtidige klimaendringar, som auka risiko for flaum, vind, skred og steinsprang.

Tydeleg struktur for gode møteplassar

Gulen kommune har bygdesenter i Brekke, Byrknes, Dalsøyra og Eivindvik. Offentlege og allmenne tenester bør primært lokaliserast til desse bygdesentra.

Innbyggjarane våre etterspør formelle og uformelle møtestadar. Dette er viktig for både trivsel og folkehelsa. I Gulen går mange av møteplassane på tvers av bygdene og kommunegrenser. Det er viktig å vidareutvikle eksisterande møteplassar. Like viktig er det å støtte opp om dei initiativa som kjem i høve til nye møteplassar. Vi ser det som føremålstenleg å vidareutvikle bygdesentra og tilboda rundt, slik at alle aldersgrupper finn glede i å bruke desse som sin naturlege møteplass for sosial og fysisk aktivitet. Dette føreset god infrastruktur. Gulen kommune skal prioritere fysisk tilrettelegging av bygdesentera for å sikre gode lokalsamfunn.

Sentrumsnære bustadområde

Gulen kommune vil i sentrumsnære bustadområde leggje til rette for bygging av ulike typar bustadar med størrelse, kostnadsnivå og universell utforming. Bustadområda våre skal ha kvalitetar som sikrar ein trygg alderdom og gode oppvekstmiljø for born og unge

Gulen kommune vil også skape rom for bustadbygging og utvikling i heile kommunen vår. Det skal derfor vere rom for bygging utanom etablerte byggefelt. Kommunen vil også sjå positivt på private reguleringsplanar for nye byggefelt og vere innstilt på samarbeid for å bidra til realisering av dette.

Næring og infrastruktur

Gulen kommune bidrar til gode rammevilkår for næringslivet i samsvar med ynskt samfunnsutvikling og berekraftige omsyn. Rett næring på rett stad er eit viktig prinsipp for dette.

Gulen kommune har etablerte industriområder som er viktig å satse vidare på. Arealkrevjande industri- og næringsutvikling skal difor i hovudsak skje i samband med eksisterande næringsområde. Ved å spele vidare på eksisterande industriområde dreg verksemdene nytte av innovative og viktige kompetansemiljø, samtidig som område for store naturinngrep vert avgrensa. På denne måten vil vi også avgrense konflikt / motstrid mellom føremåla sine ulike behov.

Reiseliv/turisme må tilpassast dei lokale tilhøva.

Landbruket og jordvernet skal stå sterkt i dei sakene der det er snakk om å byggje ned dyrka mark og beiteareal. Bruk av LNF-areal for å utvikle tilleggsnæringar til landbruket er positivt så lenge det ikkje er i strid med landbruksføremålet.

Gulen kommune vil gjennom interkommunalt samarbeid leggje til rette for eit berekraftig, fleksibelt og framtidsretta havbruk. Dette meiner me er den beste måten å sikre gode vilkår for havbruket, samtidig som ein tek vare på miljø og naturmangfald.

Gulen kommune vil arbeide for utbetring av FV57 og dei andre sambindingsvegane. I tillegg auka frekvens på fergesambandet Sløvåg/Leirvåg. Dette vil minske avstandsulempene i kommunen og knyte bygdene betre saman. FV57 vil også betre integrasjonen mellom kommunane langs kysten og styrke næringsutviklinga i regionen

Fritidsbustadar

Gulen kommune er ein stor hyttekommune, med fleire fritidsbustadar enn bustadar for fastbuande. Regulering av område for fritidsføremål må difor skje på ein berekraftig måte og stå i forhold til innbyggjartal og kapasitet på tenesteproduksjonen i kommunen.

Fritidsbustadar skal i størst mogleg grad lokalisert i tilknytning til eksisterande område med fritidsbustadar, og etablert infrastruktur vert vektlagt som viktig element ved framtidig hyttebygging

3 Organisasjonen Gulen kommune

Ein velfungerande kommuneorganisasjon er viktig for utvikling av velferdssamfunnet. "Samarbeid for utvikling" er Gulen kommune sin overordna visjon nedfelt i vår felles verdiplattform. Visjonen er ein raud tråd for alle våre mål og strategiar.

3.1 Mål for organisasjonen

Hovudmål	FN berekraftsmål
Gulen kommune skal levere heilskapelege og effektive tenester med god kvalitet	11 - Gjøre byer og lokalsamfunn inkluderende, trygge, robuste og bærekraftige, 16 - Fremme fredelige og inkluderende samfunn for å sikre bærekraftig utvikling, sørge for tilgang til rettsvern for alle, og bygge velfungerende, ansvarlige og inkluderende institusjoner på alle nivåer
Gulen kommune skal vere ein open organisasjon og ein attraktiv arbeidsgjevar	11 - Gjøre byer og lokalsamfunn inkluderende, trygge, robuste og bærekraftige, 16 - Fremme fredelige og inkluderende samfunn for å sikre bærekraftig utvikling, sørge for tilgang til rettsvern for alle, og bygge velfungerende, ansvarlige og inkluderende institusjoner på alle nivåer
Gulen kommune tilbyr gode og effektive lokale til kommunale tenester og har eit verdibevarande vedlikehald av den kommunale bygningsmassen	

3.2 Strategi for organisasjon og leiing

Namn på strategien	Hovudmål	Satsingsområde
Bruk av digitale løysingar	Gulen kommune skal levere heilskapelege og effektive tenester med god kvalitet	Organisasjonen Gulen kommune
Kompetanseutvikling	Gulen kommune skal levere heilskapelege og effektive tenester med god kvalitet	Organisasjonen Gulen kommune

Namn på strategien	Hovudmål	Satsingsområde
Organisasjonen har tydelege styringslinjer og myndiggjorte tilsette, der gode dialogar og tverrfagleg samhandling og gjev plass til nye satsingar, fleksibilitet og felles prioriteringar	Gulen kommune skal vere ein open organisasjon og ein attraktiv arbeidsgjevar	Organisasjonen Gulen kommune
Organisasjonen har ei heilskapleg tilnærming der felles kunnskap og analyser er grunnlag for alle avgjerder frå politisk nivå til einingsleiarnivå	Gulen kommune skal levere heilskapelege og effektive tenester med god kvalitet	Organisasjonen Gulen kommune
Organisasjonen har ei strategisk tilnærming til utfordringar og utviklingsarbeid med innbyggjerservice og samfunnsutvikling i fokus	Gulen kommune skal levere heilskapelege og effektive tenester med god kvalitet	Organisasjonen Gulen kommune

4 Barn og Unge

Gulen kommune set barn og familiar i fokus. Allereie i starten av livet får dei etablert sunne og gode verdiar. Barnehage- og skulemiljøet legg til rette for at ungdommane har eit godt grunnlag for å kunne velje retning i arbeidslivet som krev yrkesfagleg eller meir akademisk fagkompetanse.

Grunnleggande og gode verdiar heile livet

Alle born og unge har like moglegheiter til vekst og utvikling. Kommunen legg stor vekt på at gode tenester opp mot born og unge. Merksemnda er særleg retta mot born og unge i risiko, og mot born og unge med særlege behov.

Det vert satsa på familiar og at føresette skal oppleve meistring i foreldrerolla, og gje trygge born, som toler både med- og motgang. Alle born og unge som veks opp i Gulen vert inkludert i fritidstilbod, både for organisert og eigeninitiert aktivitet. Born og unge får moglegheita til meistring og utvikling av egne dugleikar i sosialt samspel med andre. Samarbeid med frivilligheita og samarbeid mellom bygdene er ein viktig del av dette.

I Gulen arbeider oppvekst tett saman med næringsliv, idrett, kultur og frivilligheit. Målsettingar vert sett opp samla slik at ein får med seg heile livsløpet når ein planlegg. Familien har ei sentral rolle i oppveksten, men barnehage, skule, nærmiljø, kommune og frivillige organisasjonar har òg ei viktig rolle. Koplinga mellom born, unge og eldre er viktig framover for å gjere synleg at menneske i alle livsfasar er like viktige i eit velfungerande samfunn.

Gulen kommune har eit samfunn som er tilrettelagt for alle, og alle innbyggjarane skal føle seg inkludert. Det vert kontinuerleg arbeid med å utjamne forskjellar, og skape likeverd for alle.

Samla barne- og elevtal har gått ned dei siste åra, men ein meiner å sjå at dette stabiliserer seg, og kommunen jobbar for å snu utviklingsbiletet. Kommunen arbeidar med nulltoleranse for utanforskap og

mobbing, tett oppfølging av folkehelse og raskt å finne fram til effektive tiltak. Ungdata, folkehelse- og oppvekstprofilen viser gode resultat for born og unge i Gulen. Dei har òg synleggjort nokre område ungdom ynskjer fokus på, som mellom anna auke av fritidsaktivitetar og kollektivtilbod ol.

Kva har medverknadsprosessen gjeve oss?

Barnefamiliar og ungdom ynskjer seg eit meir utvida fritidstilbod som må kombinerast med gode transportløyisingar for å kompensere for at nokre miljø blir små for å drive fullskala aktivitetsnivå. Det må leggest til rette for både formelle og uformelle møteplassar.

Kunnskapsgrunnlag om menneska i denne gruppa finn du [her](#).

4.1 Mål barn og unge

Hovudmål	FN berekraftsmål
Alle barn og unge i Gulen kommune skal få ein god start på livet	17 - Styrke virkemidlene som trengs for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnerskap for bærekraftig utvikling,03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder
Alle born og unge i Gulen kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø	01 - Utrydde alle former for fattigdom i hele verden,17 - Styrke virkemidlene som trengs for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnerskap for bærekraftig utvikling,03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder ,04 - Sikre inkluderende, rettferdig og god utdanning og fremme muligheter for livslang læring for alle
Alle born og unge i Gulen kommune skal få eit godt verdi- og utdanningsgrunnlag	01 - Utrydde alle former for fattigdom i hele verden,04 - Sikre inkluderende, rettferdig og god utdanning og fremme muligheter for livslang læring for alle
I Gulen kommune skal vi oppretthalde det høge tale på unge som fullfører vidaregåande opplæring	

Alle barn og unge i Gulen kommune skal få ein god start på livet

Kommunen sin storleik gjer det mogleg å ha gode samhandlingspunkt kring born og unge sine oppvekstvilkår og ha trygge rammer for oppvekstmiljøa. Vi har tidleg innsats og får gjennom systematisk arbeid med førebygging og aktiv medverknad i heile laget kring born og unge, redusert risikopunkt for negativ utvikling på miljø, utdanning og helse

Alle born og unge i Gulen kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø

Sjølv om kommunen har satsa på nærmiljø og nærskuler, fungerer samhandlinga mellom skule- og barnehagemiljøa slik at dei jobber for felles resultat og samla utgjør ein heilskap for oppvekstsektoren.

Alle born og unge i Gulen kommune skal få eit godt verdi- og utdanningsgrunnlag

Gulen kommune har gjennom ei årrekke satsa på born og unge gjennom gode og tilgjengelige pedagogiske miljø. Det er lagt vekt på at alle born skal sjåast og få god oppfølging. Dette har ført med seg at kommunen har gode score på resultat, og har eit av dei høgaste sysselsettingsnivå Noreg. Kommunen skal fortsatt satse slik at utdanning og læring blir tilpassa samfunnstilhøva

4.2 Strategi barn og unge

Namn på strategien	Hovudmål	Satsingsområde
Felles retningslinjer	Alle born og unge i Gulen kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø	Barn og Unge
Sikre høg kvalitet på kompetansen til dei som jobbar med born og unge.	Alle born og unge i Gulen kommune skal få eit godt verdi- og utdanningsgrunnlag	Barn og Unge
Fagmiljøa jobbar mot felles mål.	Alle barn og unge i Gulen kommune skal få ein god start på livet	Barn og Unge
Felles årlege evalueringar av undersøkingar som ungdatabaser eller anna kunnskapsgrunnlag	Alle born og unge i Gulen kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø	Barn og Unge
Sikre at born og unge har god kjennskap til det mangfaldige næringslivet (i Gulen)	Alle born og unge i Gulen kommune skal få eit godt verdi- og utdanningsgrunnlag	Barn og Unge
Gulen kommune skal arbeide aktivt med førebygging og tidleg innsats med fokus på tverrfagleg samarbeid og koordinering	Alle barn og unge i Gulen kommune skal få ein god start på livet	Barn og Unge
Gulen kommune skal vidareutvikle det heilskaplege og systematiske arbeidet for å sikre at ressursar på tvers av sektorar og tenester vert utnytta målretta og effektivt rundt born, unge og familieane deira.	Alle barn og unge i Gulen kommune skal få ein god start på livet	Barn og Unge
Tydelege indikatorar for likebehandling, mangfald og kvalitetsmålingar	Alle barn og unge i Gulen kommune skal få ein god start på livet	Barn og Unge
Etablere system som tidleg omfamnar born og unge med risiko eller særlege behov	Alle born og unge i Gulen kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø	Barn og Unge
Med eit heilskapeleg blikk skaper vi gode oppvekstmiljø for alle born og unge	Alle born og unge i Gulen kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø	Barn og Unge
Legge aktivt til rette for samlingar for elevar på tvers av skulane i Gulen	Gulen kommune skal legge til rette for nærmiljø som kan bidra til aktivitetar som fremjer god livskvalitet	Kultur idrett og frivillig arbeid
Barn og ungdom blir inkludert i prosessar som har direkte påverknad på deira kvardag	Alle born og unge i Gulen kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø	Barn og Unge

5 Det er godt å bu i Gulen

Livskvalitet handlar både om materielle levekår og korleis vi opplever livet. Som kommune ynskjer vi å legge tilrette for at innbyggjarane kan vere aktive og meistre eigne liv.



I Gulen har alle menneske uavhengig av kjønn, alder, legning, etnisk- og sosial bakgrunn og funksjonsnivå høve til å delta i arbeids- kultur-, og samfunnslivet.

Målsettingar og strategiar innanfor satsinga “Det er godt å bu i Gulen” viser korleis vi vil utvikle Gulen som eit attraktivt og sosialt berekraftig samfunn.

Å ha ein jobb er grunnleggande viktig for den yrkesaktive befolkninga. Arbeid er kjelde til sosiale relasjonar, identitet, personleg vekst og økonomisk tryggleik. I Gulen er det gode jobb- og karrieremoglegheiter både i offentleg og privat sektor. I dagens digitale kvardag ser vi også at det etterkvart er godt mogleg å bu i ein distriktskommune som Gulen samstundes som ein kan har jobb i eit større nasjonalt eller internasjonalt selskap.

Ein del av befolkninga i Gulen kjem frå andre land. Dette bidreg til meir mangfald og utgjør ein ressurs for kommunen. I eit inkluderingsperspektiv tilrettelegg vi for at dei som flytter hit vert gjeve gode forutsetningar for å etablere seg, og raskt vert ein del av lokalsamfunnet.

Vi blir fleire eldre i åra som kjem. Ved å legge til rette for og styrke evna til eigenomsorg bidreg vi til at folk, uavhengig av alder, kan bu heime lengst mogleg. Kommunen tilbyr differensiert omsorgstilbod tilpassa den enkelte sine behov. Mangel på økonomiske og mannskapsmessige ressursar vil krevje at vi i aukande grad satsar meir på å førebygge helsemessige og sosiale problem framfor å behandle når problema har oppstått. Gjennom satsingar i reforma “Leve heile livet” legg vi vekt på å sikre innbyggjarar ein god alderdom.

5.1 Mål for innbyggjartrivsel

Hovudmål	FN berekraftsmål
Gulen kommune skal ha aktive innbyggjarar som engasjerer seg i utviklinga av eit inkluderande og levande lokalsamfunn	11 - Gjøre byer og lokalsamfunn inkluderende, trygge, robuste og bærekraftige, 16 - Fremme

Samfunnsplan Gulen kommune 2022-2034

Hovudmål	FN berekraftsmål
	fredelige og inkluderende samfunn for å sikre bærekraftig utvikling, sørge for tilgang til rettsvern for alle, og bygge velfungerende, ansvarlige og inkluderende institusjoner på alle nivåer
Den eldre generasjon i Gulen kommune er ein aktiv initiativtakar med høg trivsel	
Som innbyggjar i Gulen skal du oppleve meistring og god folkehelse	
Innbyggjarane i Gulen kommune skal oppleve god livskvalitet	03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder
Yrkesaktive i Gulen kommune skal oppleve gode jobbmoglegheiter	08 - Fremme varig, inkluderende og bærekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle
I Gulen skal alle oppleve ein trygg alderdom	
Gulen kommune skal ha ein forsvarleg og bærekraftig økonomi for å sikre velferdstilbodet i framtida	16 - Fremme fredelige og inkluderende samfunn for å sikre bærekraftig utvikling, sørge for tilgang til rettsvern for alle, og bygge velfungerende, ansvarlige og inkluderende institusjoner på alle nivåer
Gulen kommune skal leggje til rette for å styrke evna til eigenomsorg	

5.2 Strategi, for innbyggjartrivsel

Namn på strategien	Hovudmål	Satsingsområde
Det skal vere enkelt å få oversikt over korleis ein kan bidra samt påverke i lokalsamfunnet	Gulen kommune skal ha aktive innbyggjarar som engasjerer seg i utviklinga av eit inkluderande og levande lokalsamfunn	Det er godt å bu i Gulen kommune
Som innbyggjar vert vi invitert inn til frivillig arbeid	Som innbyggjar i Gulen skal du oppleve meistring og god folkehelse	Det er godt å bu i Gulen kommune
Gjere synleg at frivilligheita er ei føresetnad for å lykkast med å bygge samhald og trivsel, skape levande bygder	Som innbyggjar i Gulen skal du oppleve meistring og god folkehelse	Det er godt å bu i Gulen kommune
Arbeide med å fjerne tekniske hindringar for god informasjonsflyt og medverknad	Den eldre generasjon i Gulen kommune er ein aktiv initiativtakar med høg trivsel	Det er godt å bu i Gulen kommune
Møte dei bustadbehov som kjem ut av demografiutviklinga	Den eldre generasjon i Gulen kommune er ein aktiv initiativtakar med høg trivsel	Det er godt å bu i Gulen kommune
Transportløysingar og møtestadar skal inkludere den eldre generasjon, gjerne på tvers av generasjonar	Den eldre generasjon i Gulen kommune er ein aktiv initiativtakar med høg trivsel	Det er godt å bu i Gulen kommune

Gjere synleg at frivilligheita er ei føresetnad for å lykkast med å bygge samhald og trivsel, skape levande bygder

Frivillige må framhevast som viktige samfunnsaktørar

Arbeide med å fjerne tekniske hindringar for god informasjonsflyt og medverknad

Statuskontrollar om korleis ein når fram med informasjon som kommunen meiner å sende ut til den eldre generasjon. Må takast omsyn til i framtidig kommunikasjonsplan

Møte dei bustadbehov som kjem ut av demografiutviklinga

Vere i forkant med bustadsutvikling, sjå på alternativ til einebustader og støtte opp om tettstadutviklinga

Transportløyningar og møtestadar skal inkludere den eldre generasjon, gjerne på tvers av generasjonar

Ein må syte for inkluderande løyningar, universelle, for etablering av møtestadar og transportløyningar

5.3 Mål for samfunnsutvikling

Hovudmål	FN berekraftsmål
Gulen kommune skal ha attraktive bygdesenter med moglegheit for fysisk og sosial aktivitet i alle aldersgrupper	03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder
Gulen kommunen skal i lag med private aktørar leggje til rette for berekraftige og gode butilbod i alle livsfasar	11 - Gjøre byer og lokalsamfunn inkluderende, trygge, robuste og bærekraftige, 03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder
Areala i Gulen skal forvaltast slik at det i minst mogleg grad fører til konflikt mellom dei ulike arealføremåla sine behov	11 - Gjøre byer og lokalsamfunn inkluderende, trygge, robuste og bærekraftige
I Gulen skal vi ha berekraftig balanse mellom fast busetnad og fritidsbustadar i kommunen	11 - Gjøre byer og lokalsamfunn inkluderende, trygge, robuste og bærekraftige

I Gulen skal vi ha berekraftig balanse mellom fast busetnad og fritidsbustadar i kommunen

Antal fritidsbustadar skal ikkje aukast i større grad enn innbyggjartalet auker.

5.4 Strategi for samfunnsutvikling

Namn på strategien	Hovudmål	Satsingsområde
I samarbeid med næringsliv og private grunneigarar utviklar Gulen kommune bygdesentra våre	Gulen kommune skal ha attraktive bygdesenter med moglegheit for fysisk og sosial aktivitet i alle aldersgrupper	
Gulen kommune støttar initiativ frå næringsliv, lokale lag og andre drivkrefter som skapar møteplassar	Gulen kommune skal ha attraktive bygdesenter med moglegheit for fysisk og sosial aktivitet i alle aldersgrupper	
Gulen kommune prioriterer gang- og sykkelveg i og rundt bygdesentra våre	Gulen kommune skal ha attraktive bygdesenter med moglegheit for fysisk og sosial aktivitet i alle aldersgrupper	
Folkehelseperspektivet veg tungt i prioriteringsdrøftingar i Gulen kommune	Gulen kommune skal ha attraktive bygdesenter med moglegheit for fysisk og sosial aktivitet i alle aldersgrupper	
I Gulen kommune skal arealkrevjande næringsutvikling i hovudsak skje i tilknytning til eksisterande nærings- og industriområde.	Areala i Gulen skal forvaltast slik at det i minst mogleg grad fører til konflikt mellom dei ulike arealføremåla sine behov	

Namn på strategien	Hovudmål	Satsingsområde
Det skal vere rom for bygging utanom etablerte byggefelt. Kommunen vil også sjå positivt på private reguleringsplanar for nye byggjefelt og vere innstilt på samarbeid for å bidra til realisering av dette.	Areala i Gulen skal forvaltast slik at det i minst mogleg grad fører til konflikt mellom dei ulike arealføremåla sine behov	

6 Næring og sysselsetting

Gulen kommune har eit næringsliv prega av lokalt eigarskap med vilje til å satse på framtidige næringar og det grønne skiftet. God samhandling mellom næringsliv og kommune med ei felles forståing for målsetjingar og oppgåver er eit suksesskriterium for utvikling av gode samfunn.

Næringslivet i Gulen er rikt og variert med bedrifter som aktivt søker mogelegheiter i tilknytning til det grønne skiftet og som har synt seg konkurransedyktige i samband med tilrettelegging for nye og berekraftige næringar. Dette har gjennom mange år gjeve stor verdiskaping og sterk vekst i privat sysselsetjing då særleg knytt til havbruk og industri.

I landbruksnæringa ser vi ei utvikling med færre bruk, men med større produksjon. Det er lagt vekt på allsidigheit i næringa og viktige delar av vidare forvaltning er å sikre matproduksjon og ivareta kulturlandskapet.

Reiselivet i Gulen har eit godt potensiale for å kunne vidareutviklast. Gulen med sitt eldorado av øyer, holmer og skjær ligg strategisk plassert ved inngangsporten til Sognefjorden. Det historiske Gulatinget, Kystpilgrimsleia, gamle handelsstadar og populære festivalar gjer Gulen til eit attraktivt reisemål.

Næringslivet elles er sett saman av mange mindre verksemder. Kommunen har mange dyktige og utviklingsorienterte verksemder som skaper gode vilkår for innbyggjarane i kommunen. I tillegg til den økonomiske verdiskapinga, medverkar næringslivet til at innbyggjarane i kommunen har fleire mogelegheiter med omsyn til kva ein ynskjer å arbeide med.

Gulen kommune skal vere meir enn ein forvaltnings- og tenesteprodusent, me skal òg vere ein god vertskommune for næringslivet. Kommunen er ein open kommune som bygger opp om den gode dialogen, tek initiativ til samhandling og har eit aktivt deltakande næringsliv som kjenner på ansvaret for at vi saman skal utvikle samfunnet.

Kommunen arbeider aktivt saman med næringslivet for å sikre at den yngre generasjonen kjenner til dei yrkesvala som til ei kvar tid finnast i kommunen.

God infrastruktur er ein føresetnad for etablering av ny verksemd. Gulen kommune har siste åra investert i utbygging av fiberbreiband til heile kommunen.

Kommunen arbeidar aktivt saman med andre kommunar i regionen om felles bu- og arbeidsregionar. Å løyse utfordringar knytt til transport og infrastruktur er viktig for å styrke desse ytterlegare. Dette er ikkje oppgåver kommunen åleine kan løyse, men som må løysast i fellesskap med næringsliv, næringspolitiske organisasjonar, regionråd gjennom samhandling og dialog.

Som del av ein felles bu -og arbeidsregion med eit næringsliv på tvers av kommunegrensene, har Gulen og Masfjorden felles næringsutviklingsapparat, Gulen og Masfjorden Utvikling as. Kommunen sitt næringsapparat GMU er ein sentral aktør for stimulering, koordinering og tilrettelegging av næringsmessige utviklingstiltak, og bidreg til at lokale verksemder blir kopla med forskings- og

utviklingsinstitusjonar og innovasjonsmiljø for å vidareutvikle næring basert på dei fortrinna som finst lokalt.

6.1 Mål næring og sysselsetting

Hovudmål	FN berekraftsmål
Gulen kommune skal vere ein attraktiv vertskommune for næringslivet og bidra til å utvikle eit aktivt og nytenkande næringsliv	
Næringslivet skal vere variert og framtidsetta med lønsame og berekraftige arbeidsplassar som er attraktive å rekruttere til.	12 - Sikre bærekraftig forbruks- og produksjonsmønstre, 14 - Bevare og bruke havet og de marine ressursene på en måte som fremmer bærekraftig utvikling, 17 - Styrke virkemidlene som trengs for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnerskap for bærekraftig utvikling, 04 - Sikre inkluderende, rettferdig og god utdanning og fremme muligheter for livslang læring for alle, 05 - Oppnå likestilling og styrke jenters og kvinners stilling i samfunnet, 08 - Fremme varig, inkluderende og bærekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle, 09 - Bygge solid infrastruktur og fremme inkluderende og bærekraftig industrialisering og innovasjon
Gulen kommune skal bidra til å vidareutvikle eit allsidig landbruk	

6.2 Strategi næring og sysselsetting

Namn på strategien	Hovudmål	Satsingsområde
Kommunen skal vere initiativtakar til god samhandling med næringslivet for å ivareta og betre føresetnadane for næringsutvikling i kommunen.	Næringslivet skal vere variert og framtidsetta med lønsame og berekraftige arbeidsplassar som er attraktive å rekruttere til.	
Kommune og næringsliv, regionale næringsorganisasjonar og regionråd må samarbeide om felles marknadsførings- og rekrutteringstiltak for å sikre kompetent arbeidskraft til kommunen.	Næringslivet skal vere variert og framtidsetta med lønsame og berekraftige arbeidsplassar som er attraktive å rekruttere til.	
Kommune og næringsliv skal samarbeide om utvikling av ein påliteleg og berekraftig infrastruktur for å støtte økonomisk utvikling lokalt og regionalt.		
Legge til rette for at skule og næringsliv samarbeider om å auke talet på unge og vaksne som har relevant kompetanse og sikre at den yngre generasjonen har god kunnskap om karrieremogelegheiter i lokalt næringsliv.		
Medverke til å utvikle eit framtidsetta, berekraftig og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.		
Næringsliv og kommune samhandlar om å utjamne kjønnsforskjellar i val av utdanning.		
Sikre representative kontaktflater gjennom næringsråd		

7 Miljø, klima og forureining

Gulen kommune skal vere med å redusere klimaendringane og bidra til eit miljøbevisst samfunn. Gjennom satsing på kunnskapsutvikling, naturmangfald og klimatilpassing, vil me bidra til miljøvennlege løysingar og grøn næringsutvikling.

Klima og miljø

Noreg sine nasjonale miljømål består av 24 mål for miljøet fordelt på områda; naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, forureining, klima og polarområda[1].

Noreg sine mål er å redusere utsleppet av klimagassar med 50 til 55 prosent innan 2030 og Noreg har eit mål om å verte eit lågutsleppssamfunn i 2050. Gulen kommune vil bidra aktivt i dette arbeidet og vere ein pådrivar for at innbyggjarar, næringsdrivande og andre skal gjere miljø- og klimavennlege val.

Klimaendringane har alvorlege konsekvensar. Temperaturen har sidan førindustriell tid auka med over ein grad. Oppvarminga er forventa å fortsetje utover dette århundre. Dette aukar risikoen for ekstremvær, meir nedbør, flaum og havforsuring[2].

Klimatilpassingar ein førebur seg på er:

- 2,2 gradar varmare innan 80 år
- Kortare snøsesong
- Meir nedbør, og kraftigare nedbør
- Havnivåstigning

Klimagassutslipp

Noreg sine klimamål er å redusere klimautslepp med minst 50% samanlikna med 1990-nivå. Gulen kommune vil bidra til at målet blir nådd.

I Gulen har vi størst utslepp frå sjøfart, jordbruk og vegtrafikk.

Naturmangfald

Naturen i Gulen kommune har mykje å by på og utgjer eit viktig ressursgrunnlag. Det er store friluftsområde, viktige naturreservat og eit rikt kulturlandskap som er verdt å ta vare på. Gulen kommune er ein spektakulær kommune med mykje natur å by på. Her kan nemnast:

- Vill kystnatur
- Naturreservat for trua sjøfugl
- Fleire arter som er karakterisert som trua, til dømes pualeblom, grå narremuserogn, sprilepiggrø og solblom
- Kommunen har òg ein aukende hjortebestand

Kva legg vi vekt på i måla våre

Målsettingane i Gulen kommune har fokus på aktive val som bidreg til betre miljø, og legg til rette for at alle i kommunen har moglegheit for å få kunnskap om klima og miljø.

Kommunen tek i bruk kunnskap om klimarisiko og klimatilpassing i sine vurderingar for arbeid med arealdel.

Reduksjon av klimagassutslepp er viktig for Gulen i åra som kjem. Kommunen ynskjer å legge til rette for fossilfri transport. Det er gjort fleire utbetringar dei seinaste åra på eksisterande bygningsmasse i kommunen. Vi vil ha fokus på energioptimalisering i planlegging av nybygg og drift av eldre bygningsmasse.

Sortering av avfall, avgrensing av avfall og auka gjenbruk bidreg til reduksjon av klimagassutslepp. Gulen kommune er ein av eigarane av NGIR som har eit høgt fagnivå og sørvisgrad. Gulen kommune og NGIR samarbeidar om haldningsskapande og kunnskapsformidlande kampanjar. Vedlikehald og vidareutvikling av høve for sortering- og innsamling er viktig både for privathushald og verksemdar.

Berekraftig naturforvaltning handlar om å forvalte naturen på ein slik måte at framtidige generasjonar og naturen sjølv får dekt sine behov. For å trygge matforsyning i framtida er det viktig å ta vare på jordbruksareala i dag og ha tanke for kvar utviding kan skje utan for stor skade på naturmangfaldet.

Gulen kommune er ein del av Nordhordland UNESCO Biosfæreområde. I UNESCO sitt biosfæreprogram er viktige stikkord kunnskap og dialog. I Nordhordland er det lagt vekt på at vi skal leggje tilrette for at biosfæresatsinga skal fungere som ein samarbeidsarena for å få til ei berekraftig utvikling. Då må vi leggje tilrette for at vi kan arbeide på tvers av fagfelt og sektorar og sørge for at møteplassane for arbeidet vert tydelege og gode. Det handlar om bruk av naturressursane, om kulturen vår, om medbestemming og engasjement, om å få til ei framtidretta utvikling i samfunnet.

[1] <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/miljomal/miljomaal/>

[2] <https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/innsiktsartikler-klima-miljo/klimaendringer-og-norsk-klimapolitikk/id2636812/>

7.1 Mål Miljø Klima og forureining

Hovudmål	FN berekraftsmål
Gulen kommune skal bidra til å sikre framtidige generasjonar ved å vere oppdatert på nyaste kunnskap og kutte utslepp i tråd med nasjonale ambisjonar innan 2030 og 2050	11 - Gjøre byer og lokalsamfunn inkluderende, trygge, robuste og bærekraftige, 12 - Sikre bærekraftig forbruks- og produksjonsmønstre, 13 - Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringene og konsekvensene av dem, 17 - Styrke virkemidlene som trengs for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnerskap for bærekraftig utvikling, 06 - Sikre bærekraftig vannforsyning, tilgang til vann og gode sanitærforhold for alle
Gjennom klimatilpassingar vil innbyggerane i Gulen ha eit trygt lokalsamfunn	

Samfunnsplan Gulen kommune 2022-2034

Hovudmål	FN berekraftsmål
Gulen kommune skal legge til rette for at innbyggerane har kjennskap til, og nyttar miljø- og klimavennlege løysingar	11 - Gjøre byer og lokalsamfunn inkluderende, trygge, robuste og bærekraftige, 12 - Sikre bærekraftig forbruks- og produksjonsmønstre, 13 - Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringene og konsekvensene av dem, 17 - Styrke virkemidlene som trengs for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnerskap for bærekraftig utvikling, 06 - Sikre bærekraftig vannforsyning, tilgang til vann og gode sanitærforhold for alle
Gulen kommune skal i samfunnsutviklinga vurdere korleis det rike natur- og kulturlandskapet blir ivareteke	

Gjennom klimatilpassingar vil innbyggerane i Gulen ha eit trygt lokalsamfunn

Gulen kommune følger med korleis klimaendringane påberkar oss, og vil sette inn tiltak der det er naudsynt av omsyn til å ivareta tryggleiken

Gulen kommune skal legge til rette for at innbyggerane har kjennskap til, og nyttar miljø- og klimavennlege løysingar

Gulen kommune følger opp slik at dei einskilde innbyggerane ser at det er gir ein framtidig gevinst å redusere eige fotavtrykk

Gulen kommune skal i samfunnsutviklinga vurdere korleis det rike natur- og kulturlandskapet blir ivareteke

Det rike natur- og kulturlandskapet skal vere eit kjennetegn for Gulen kommune.

7.2 Strategi for klima- og miljø

Namn på strategien	Hovudmål	Satsingsområde
Identifisere totaliteten og følgje dei ulike utsleppsnivåa i sektorane	Gulen kommune skal bidra til å sikre fremtidige generasjonar ved å vere oppdatert på nyaste kunnskap og kutte utslepp i tråd med nasjonale ambisjonar innan 2030 og 2050	Miljø og klima
Finne dei mest verknadsfulle verkemidlane	Gulen kommune skal bidra til å sikre fremtidige generasjonar ved å vere oppdatert på nyaste kunnskap og kutte utslepp i tråd med nasjonale ambisjonar innan 2030 og 2050	Miljø og klima
Utvikle eit relevant, godt og aktivt klimagassrekneskap	Gulen kommune skal bidra til å sikre fremtidige generasjonar ved å vere oppdatert på nyaste kunnskap og kutte utslepp i tråd med nasjonale ambisjonar	Miljø og klima

Samfunnsplan Gulen kommune 2022-2034

Namn på strategien	Hovudmål	Satsingsområde
	innan 2030 og 2050	
Bygge eit godt samarbeid mellom næring og kommune ved å støtte og påverke gjennomføring av klimatiltak hos næringsaktørar	Gulen kommune skal bidra til å sikre fremtidige generasjonar ved å vere oppdatert på nyaste kunnskap og kutte utslepp i tråd med nasjonale ambisjonar innan 2030 og 2050	Miljø og klima
Gulen kommune skal vere eit forbilde innan klima og miljø	Gulen kommune skal legge til rette for at innbyggerane har kjennskap til, og nyttar miljø- og klimavennlege løysingar	Miljø og klima
Påverke innbyggerane direkte eller gjennom avfallshandteringsselskapet NGIR som tilbyr gode og brukarvennlege klimaløysingar	Gulen kommune skal legge til rette for at innbyggerane har kjennskap til, og nyttar miljø- og klimavennlege løysingar	Miljø og klima
Satse på klimaopplæring i barnehage og skule	Gulen kommune skal legge til rette for at innbyggerane har kjennskap til, og nyttar miljø- og klimavennlege løysingar	Miljø og klima
Auke kunnskapsnivå for farer knytt til klimaendringar	Gjennom klimatilpassingar vil innbyggerane i Gulen ha eit trygt lokalsamfunn	Miljø og klima
Legge vekt på samfunnstryggleik, beredskap og klimatilpassing i all fysisk planlegging og tilrettelegging	Gjennom klimatilpassingar vil innbyggerane i Gulen ha eit trygt lokalsamfunn	Miljø og klima
Følgje mål i tråd med Noreg sine mål for naturmangfald	Gulen kommune skal i samfunnsutviklinga vurdere korleis det rike natur- og kulturlandskapet blir ivareteke	Miljø og klima

8 Kultur, idrett og frivillig arbeid

Det skapar ei oppleving av å høyre til når ein får ta del i anten kultur, idrett eller frivillig arbeid i sitt lokalsamfunn. Desse arenaene fremjar deltaking, engasjement, inkludering, folkehelse, lokal samfunnsutvikling, velferd og demokrati.

Kultur, idrett og friluftsliv er viktig for å skape grunnleggjande og gode verdiar heile livet.

Det eldre Gulatinget er ein viktig del av Gulen kommune sin identitet. Gulatinget representerer demokrati, medborgarskap, identitet, og menneskeverd.

Tusenårsstaden Gulatinget er ein levande historiestad som skapar undring, begeistring og bevisstgjerjing for både born og vaksne. Gulatinget er ein stad der fortid møter notid, ein stad for engasjement og historisk identitetsskaping.

Lag og organisasjonar i Gulen samarbeidar for å skape eit lokalsamfunn der det er godt å bu og vekse opp. Alle skal ha moglegheit til å utfalde seg kulturelt, ha opplevingar med friluftsliv og tilrettelagd idrettslege moglegheiter. Eit levande lokalsamfunn er eit samfunn der folk ynskjer å busetje seg. Gulen er eit livssynsøpe samfunn, der det er toleranse for ulike trussamfunn. Ein skal legge til rette for å ta vare på den kristne kulturarven og sikre at eksistensielle og åndelege behov vert ivaretatt ved aktivt å involvere kyrkja og andre trussamfunn.

Føremålet med denne delen av samfunnsplanen er å peike ut retninga for kultursektoren i Gulen. Samarbeid mellom lokale institusjonar, lag, verksemder, fylkeskommune og kommunen er ein føresetnad for utforming og gjennomføring av planen.

I fylgje opplæringslova skal skulen fremje danning og lærelyst. I utdanningsoppdraget skal dei utvikle kunnskap, dugleik og haldningar som er element viktig for å meistre liva og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Difor er kultur viktig for born sin identitet og er med å skape samkjensle til samfunnet. Kultur påverkar korleis vi oppfører oss, kva vi likar og korleis vi snakkar til kvarandre. Verdsbilete, verdiar, menneskesyn og haldningar kan vi ikkje sjå, men kan ha stor påverknad på korleis vi tolkar og skapar meiningar. Interaksjon mellom menneske, at menneskjer forstår kvarandre og kan ta kvarandre sitt perspektiv er sentralt. Kulturell forståing kan skape eit interkulturelt perspektiv, og er ein måte å forstå verda på gjennom gjensidig avhengigheit, anerkjenning av verdiar og symbolske representasjonar.

Frivilligheita er ein viktig berebjelke i samfunnet. Frivillig arbeid har betydning for born, vaksne og eldre og alle samfunnsområde. Det er viktig å anerkjenne frivilligheita sin verdi som samfunnsbyggjar.

Gulen kommunen skal legge til rette for auka samarbeid mellom privat og offentleg sektor.

Det skal vere låg terskel for å etablere nye tilbod og aktivitetar i Gulen. På denne måten kan ein sørgje for breidde og mangfald innanfor kultur, idrett og frivillig arbeid.

8.1 Mål kultur, idrett og frivillig arbeid

Hovudmål	FN berekraftsmål
Gulen kommune skal legge til rette for nærmiljø som kan bidra til aktivitetar som fremjer god livskvalitet	10 - Redusere ulikhet i og mellom land, 11 - Gjøre byer og lokalsamfunn inkluderende, trygge, robuste og bærekraftige, 03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder
Gulen kommune skal arbeide for at kulturminna i kommunen vert tatt vare på	11 - Gjøre byer og lokalsamfunn inkluderende, trygge, robuste og bærekraftige
Gulen kommune skal fremje frivilligheita sin verdi som samfunnsbyggjar	03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder
Gulen kommune skal bidra til at aktører i Gulen-samfunnet kan koordinere sitt virke til beste for innbygarane	11 - Gjøre byer og lokalsamfunn inkluderende, trygge, robuste og bærekraftige, 03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder

Gulen kommune skal legge til rette for nærmiljø som kan bidra til aktivitetar som fremjer god livskvalitet

Det skal vere enkelt å ta gode val for helsa i kvardagen. Å gjere mennesket i stand til å gjere gode val for eiga helse. Involverast aktiv i avgjersle om forhold som påverkar eiga helse. Deltaking og eigarskap. Kvardagsarenaer som fremjar livskvalitet. Meiningsfulle aktivitetar for alle i nærmiljøet. Virkemidler til å skape eit lokalsamfunn som fremjar livskvalitet.

Gulen kommune skal arbeide for at kulturminna i kommunen vert tatt vare på

Kulturminnelova (LOV 1978 nr. 50 Lov om kulturminne) definerer kulturminne som: «alle spor etter menneskelig aktivitet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiskehendelser, tro eller tradisjon til».

Gulen kommune skal fremje frivilligheita sin verdi som samfunnsbygger

Dette gjer me mellom anna ved å dele ut kommunale kulturmidlar, låne ut offentlege lokale vederlagsfritt, bistå i søknadsprosessar om eksterne tilskot og forskottene spelemidlar. Gulen leggje tilrette for frivillighetsarbeid og lokale lag og organisasjonar kan samhandle for å auke/sikre/betre/utvikle livskvaliteten i kommunen.

Gulen kommune skal bidra til at aktører i Gulen-samfunnet kan koordinere sitt virke til beste for innbyggerane

I ein spredtbygd kommune som Gulen vert tal lag og organisasjonar mange. Det er difor viktig å rigge gode demokratiske system for koordinering av næringsliv, frivillige lag og organisasjonar (t.d. næringsråd, idrettsråd etc). Samordning og dialog mellom partane i Gulen-samfunnet vert forenkla ved at kommunen kan forholde seg til representative kontaktflater

8.2 Strategi Kultur, idrett og frivillig arbeid

Namn på strategien	Hovudmål	Satsingsområde
Synleggjere kva me i Gulen syns er viktig å ta vare på når det gjeld kulturmiljø	Gulen kommune skal arbeide for at kulturminna i kommunen vert tatt vare på	Kultur idrett og frivillig arbeid
Samarbeid og samhandling mellom dei frivillige organisasjonane	Gulen kommune skal fremje frivilligheita sin verdi som samfunnsbygger	Kultur idrett og frivillig arbeid
Gulen kommune skal bidra til utvikling av bygdesentera	Gulen kommune skal leggje til rette for nærmiljø som kan bidra til aktivitetar som fremjer god livskvalitet	Kultur idrett og frivillig arbeid
Gulen tilrettelegg for digitale arenaer innan kultur- og idrettsfeltet	Gulen kommune skal bidra til at aktører i Gulen-samfunnet kan koordinere sitt virke til beste for innbyggerane	Kultur idrett og frivillig arbeid
Samhandling for å styrke Gulen kommune sin kulturelle identitet	Gulen kommune skal fremje frivilligheita sin verdi som samfunnsbygger	Kultur idrett og frivillig arbeid
Gulen kommune vil leggje til rette for kulturelle møtestadar	Gulen kommune skal bidra til at aktører i Gulen-samfunnet kan koordinere sitt virke til beste for innbyggerane	Kultur idrett og frivillig arbeid

Samarbeid og samhandling mellom dei frivillige organisasjonane

Sikre representative kontaktflater gjennom idrettsråd, frivilligråd osv.

Gulen tilrettelegg for digitale arenaer innan kultur- og idrettsfeltet

Tilretteleggje gode digitale rammeføresetnader. Legge til retter for immaterielle kulturminne vert tatt vare på og digitalisert og gjort tilgjengelege på verdeveven. Utvikle kompetanse om rettar og gi ut dette på nett.

9 Samfunnstryggleik, beredskap

Gulen kommune som lokalsamfunn skal vere ein trygg stad for alle som bur og ferdast i kommunen.

Gulen kommune sin beredskapsplan seier korleis vi skal handtere ei krise - det vil sei ei uønska hending som ikkje kan handterast innanfor ordinær drift. Medlemer i kriseleiinga føl opp dei ansvarsområda dei styrer i ein normalsituasjon. Med klar arbeidsdeling og gode rutiner for krisearbeid sikrar vi at kriseleiinga handlar raskt og koordinert, med naudsynte fullmakter for å avgrense skade. Arbeidet er rigga slik at kommunen skal sikre leveranse av tenester, sjølv i krisesituasjonar.

Akuttberedskapen i Gulen er påverka av at kommunen er stor i utstrekning og at politi og ambulanse har lengre utrykkingstid samanlikna med meir tettbygde kommunar. Det er òg slik at trafikstryggleiken er påverka av vegstandarden her.

Kommunen har mange samarbeidspartnarar. Gjennom jamnleg dialog sikrar vi eit godt samarbeid og ei heilskapelege beredskapshandtering.

Kommunen har eit eige psykososialt kriseteam som tiltrer når einskildmenneske treng særleg oppfylgning.

9.1 Mål samfunnstryggleik

Hovudmål	FN berekraftsmål
Gulen kommune skal ha ein best mogleg beredskap mot kriser	13 - Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringene og konsekvensene av dem,03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder ,09 - Bygge solid infrastruktur og fremme inkluderende og bærekraftig industrialisering og innovasjon
Gulen kommune skal vere budd på raskt å kunne iverksetje tiltak når ei krise har oppstått	13 - Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringene og konsekvensene av dem,03 - Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder ,09 - Bygge solid infrastruktur og fremme inkluderende og bærekraftig industrialisering og innovasjon
Beredskapsmessige omsyn skal vurderast ved all kommunal planlegging, utbygging og drift	13 - Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringene og konsekvensene av dem,09 - Bygge solid infrastruktur og fremme inkluderende og bærekraftig industrialisering og innovasjon

9.2 Strategi samfunnstryggleik

Namn på strategien	Hovudmål	Satsingsområde
Beredskapsarbeidet skal kvalitetssikrast i samsvar med aktuelle lover og forskrifter	Gulen kommune skal ha ein best mogleg beredskap mot kriser	Samfunnstryggleik og beredskap
Alle sektorar og nivå i kommuneorganisasjonen skal arbeide for å redusere sannsynlegheita for at kriser kan oppstå samt redusere konsekvensar av kriser	Gulen kommune skal ha ein best mogleg beredskap mot kriser	Samfunnstryggleik og beredskap
Kommunen skal påverke andre organ sine planar / aktivitetar når beredskapsomsyn ikkje ser ut til å verte ivaretekne på ein god nok måte	Gulen kommune skal vere budd på raskt å kunne iverksetje tiltak når ei krise har oppstått	
Årlege øvingar på einingane og i kriseleiinga.	Gulen kommune skal vere budd på raskt å kunne iverksetje tiltak når ei krise har oppstått	
Kommunen skal følge opp beredskapsarbeidet gjennom året	Beredskapsmessige omsyn skal vurderast ved all kommunal planlegging, utbygging og drift	

Beredskapsarbeidet skal kvalitetssikrast i samsvar med aktuelle lover og forskrifter

Lov av 25. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Siviltforsvaret (sivilbeskyttelseslova) fastslår i § 15 at kommunen skal utarbeide ein beredskapsplan basert på kommunen sin heilskaplege ROS-analyse. Forskrift av 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt utdjuar krava til beredskapsplan og system for opplæring, øvingar og evaluering

Etter lov 24.06.2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) § 5-2, og lov om helsemessig og sosial beredskap (helseberedskapslova) § 2- 2, jf. forskrift 23. juli 2001 nr. 881 om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid Side: 3/10 mv. etter lov om helsemessig og sosial beredskap pliktar kommunen å utarbeide ein plan for beredskapsarbeidet for helse- og sosialtenestene.

Alle sektorar og nivå i kommuneorganisasjonen skal arbeide for å redusere sannsynlegheita for at kriser kan oppstå samt redusere konsekvensar av kriser

Høg fokus på tryggleikstiltak og støttefunksjonar når krisehendingar oppstår.

Kommunen skal påverke andre organ sine planar / aktivitetar når beredskapsomsyn ikkje ser ut til å verte ivaretekne på ein god nok måte

Det skal etablerast samarbeidsarenaer og møter kring tryggleik for pågående aktivitetar i og kring kommunen

Årlege øvingar på einingane og i kriseleiinga.

Beredskapsplan stiller krav til øvingar

Kommunen skal følge opp beredskapsarbeidet gjennom året

Det skal vere eit beredskapsfokus gjennom heile året.